



**FYLKESMANNEN I ROGALAND**  
**Landbruksavdelinga**

**Forvaltningskontroll med Vindafjord kommune**

---

TIDSPUNKT: 3 desember 2008

KOMMUNENS ADRESSE: Vindafjord kommune, Eining landbruk,  
Administrasjonsbygg Sandeid, 5585 Sandeid

KOMMUNENR: 1160

KONTROLLGRUPPE: Geir Helge Rygg, Else Fredheim Hodne,  
Maja Stanojevic

KONTAKTPERSON I KOMMUNE: Sissel Lilleland

---

**Heimel for forvaltningskontrollen**

§ 15 i reglement for økonomistyring i staten, § 11 i forskrift om produksjonstilskudd i jordbruket, § 30 i forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav.

**Tema for forvaltningskontrollen**

Forvaltningskontrollen skal sjå til at kommunen følgjer opp krav gitt i lov om behandlingssåten i forvaltningssaker (forvaltningslova) med fokus på reglane om sakshandsaming, delegasjon og habilitet. Vidare er det sett nærare på forvaltninga av einskilde av reglane i høve til produksjonstilskot og velferdsordningane. Kommunen si rolle som tilsynsmyndigheit i høve til miljøkrav etter reglane om spreieareal og spretidspunkt av husdyrgjødsel er og teke opp som tema.

**Fylkesmannen har avdekkja følgjande avvik og gitt følgjande merknad i samband med forvaltningskontrollen:**

**Avvik 1:** Det er krav om at kommunen innhentar rekneskap frå søkjar om SMIL- midlar. Kommunene må vurdere om rekneskapet er i samsvar med godkjent tiltak før sluttutbetaling kan skje.

**Avvik 2:** Kommunen har i samband med søknad om produksjonstilskot ikkje rutiner for å krevje dokumentasjon i samband ved oppstart av grovfôr for salg.

**Merknad 1:** Vi rår til auka fokus på samordning av forvaltning som gjeld krav til inngrep i kulturlandskapet – jf § 8 i forskrift om produksjonstilskudd.

**Merknad 2:** For kommunen si organisering av det interne myndighetsområde vil skriftleggjering av delegasjonsregelverket gi ryddige ansvarstilhøve innan tenesteområde landbruk.

**Merknad 3:** Vi rår Vindafjord kommune å ha auka fokus på tilsyn retta mot reglane i del III i forskrift om gjødselvarer av organisk opphav mv. Rutinane for dette tilsynet bør nedfellast i eit skriftleg dokument.

**Merknad 4:** I kommunen sitt vedtak ( tildelingsbrev) til SMIL midlar vil Fylkesmannen rå til at det kjem med ei setning om at midlane kan bli trekt attende om ikkje tiltaket blir gjennomført i samsvar med vilkåra for løyvinga. Ved SMIL løyving til gammal kulturmark rår vi til at det blir opplyst om kor mange år som det er krav om at landskapet skal haldast ope.

Godkjent

Geir Helge Rygg  
Kontrolleiar

Joar Oltedal  
Landbruksdirektør

## Innhald

1. Innleiing
2. Dokument underlag
3. Avvik
4. Merknad
5. Gjennomføring
6. Tidsfrist

## Vedlegg:

- Vedlegg 1: Dokumentunderlag for Fylkesmannen sin forvaltningskontroll  
Vedlegg 2: Deltakarar ved Fylkesmannen sin forvaltningskontroll

## 1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter forvaltningskontroll med Vindafjord kommune den 03.12.08. Statens Landbruksforvaltning har gjennom tildelingsbrev for 2008 til fylkesmennene gitt føringar om at fylkesmannen i 2008 skal prioritere forvaltningskontroll i kommunane. Fylkesmannen vil i 2008 år føre forvaltningskontroll med 7 kommunar i Rogaland.

Føremålet med forvaltningskontrollen er å sjå til at kommunen har tilfredstillande sakshandsaming ut i fra krav i forvaltningslova og forskrifter for dei einkilde tilskotsordningane. SLF har definert kommunane si forvaltning av ordninga med produksjonstilskot som eit område med betydeleg risiko, og legg til grunn at fylkesmannen i 2008 rettar si merksemd mot desse ordningane.

Forvaltningskontrollen blei gjennomført ved intervju av personell ved landbruksetaten i kommunen og ved å gå gjennom dokument. Forvaltningskontrollen fokuserte på kommunen sin oppfylging av krav på områda omtalt i avsnittet ovenfor ” tema for forvaltningskontrollen ” Dette er og synt nærare detaljering i tabellen nedanfor.

Tema for forvaltningskontrollen i stikkord:

1	Vedtak	rutiner for mottak, datostempling og ajourføring
2	Vedtak	skriftlegheit, grunngjeving, heimelsgrunnlag, klageadgang
3	Vedtak	habilitet
4	SMIL ordninga	kommunen sin kontroll av at søker stettar vilkår om gjennomført tiltak, og at utbetaling er i samsvar med rekneskap
5	Produksjonstilskot	At vilkår om minimum omsetning på kr 20.000,- for rett til produksjonstilskudd blir sjekka.
6	Produksjonstilskot	Kommunen sine rutinar for å sjekke at det ikkje skjer inngrep i kulturlandskapet utan at det er gitt dispensasjon
7	Produksjonstilskot	Vilkår i samband med oppstart/utviding av grovfôrproduksjon for salg
8	Miljøkrav	Kommunen sitt tilsyn med at krav til spreieareal og spreietidspunkt for gjødsel av organisk opphav blir respektert
9	Velferdsordningane	Sjekke at naudsynt dokumentasjon i samband med refusjonsordninga ved avløsning under sjukdom mv. blir henta inn og teke vare på

- **AVVIK** blir definert som mangel på oppfylging av krav fastsett i eller i medhold av lov eller forskrift
- **MERKNAD** gjeld tilhøve som ikke blir omfatta av definisjonen for avvik, men som Fylkesmannen meiner det er naudsynt å peike på slik at kommunen kan betre forholda

## 2. Dokumentunderlag

Dokumentunderlaget for forvaltningskontrollen var:

- lov om behandlingssmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova)
- forskrift om offentlege arkiv
- forskrift om produksjonstilskudd i jordbruket
- forskrift om tilskot til avløyising
- forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket
- forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav
- rettleiingshefte miljøplan i jordbruket
- veiledning til forskrift om gjødelvarer mv av organisk opphav
- veiledningshefte, søknadsfrist 20.august 2007 og 20 januar 2008 produksjonstilskudd i jordbruket mv
- rundskriv 18.02.2005 fra SLF, forvaltning av forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket
- Godkjente søknader om SMIL midler 2007 samt saldokort
- rundskriv fra SLF om produksjonstilskudd og velferdsordningene, nr: 2/07, 20/07,27/07,28/07,62/07
- datafangst fra Fylkesmannen – salg av fôr, spredeareal og GDE,
- dokumentasjon fra kommunen (vedlegg 1)

## 3. Avvik

**Avvik 1:** Det er krav om at kommunen innhentar rekneskap frå søkjar om SMIL- midlar. Kommunen må vurdere om rekneskapet er i samsvar med godkjent tiltak før sluttutbetaling kan skje.

**Avvik frå :** § 7 i forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket.

**Lovkommentar:** Det er krav om at minst 25 % av tilskot blir halde attende inntil arbeidet er fullført og sluttrekneskapet er godkjent av kommunen.

**Avviket er basert på følgjande observasjonar:** I samtale med sakshandsamar vert det opplyst at kommunen foretar synfaring i samband med delutbetaling og sluttutbetaling av tilskot. Kommunen har sett det som godt nok å foreta synfaringa for å godkjenne tiltaket. Ved synfaring er praksis å sjå om tiltaket er gjennomført, som føresetnad for tilskot. Til dømes om vindu er skifta ved restaurering av bygning.

**Avvik 2 :** Kommunen har i samband med søknad om produksjonstilskot ikkje rutiner for å krevje dokumentasjon i samband ved oppstart av grovfôr for salg.

**Avvik frå:** § 5 fyrste ledd i forskrift om produksjonstilskudd i jordbruket. Retningsliner for salg av grovfôr ved oppstart av grovfôrproduksjon for salg er presisert i rettleingshefte for produksjonstilskot 07/08 punkt 4.8.5 side 13.

**Lovkommentar:** I fall grovfôr blir produsert for salg, er det eit krav at grovfôret blir gjort lagringsdyktig og blir tatt ut frå selgar sitt lager, det vil sei at det blir solgt som høy eller ensilert gras. Søkjarar som starta opp eller utvida grovfôrproduksjonen for salg sommeren 2007 hadde frist til 1. april 2008 til å leggje fram dokumentasjon for salget

**Avviket er basert på følgjande observasjonar:** Gjennom intervju blir det stadfesta at kommunen ikkje innhentar dokumentasjon frå føretak som startar opp med grovfôrproduksjon.

#### 4. Merknad

**Merknad 1:** Vi rår til auka fokus på samordning av forvaltning som gjeld krav til inngrep i kulturlandskapet – jf § 8 i forskrift om produksjonstilskudd.

**Kommentar:** Intervju syner at kommunen gjennom forvaltning av ulike ordningar knytta til å fremja verdiane i kulturlandskapet har fokus på å ta vare på desse elementa. I § 8 i forskrift om produksjonstilskudd er det sett vilkår om at det ikkje kan godkjennast inngrep i kulturlandskapet utan godkjenning av kommunen. Dette regleverket er eit styringsverktøy for kommunen i forvaltninga av kulturlandskapet. Sakshandsamarar som forvaltar ordningar innan temaet bør ha kjennskap til denne regel.

**Merknad 2:** For kommunen si organisering av det interne myndighetsområde vil skriftleggjeriing av delegasjonsregelverket gi ryddige ansvarstilhøve innan tenesteområde landbruk.

**Kommentar:** Gjennom intervju blir det opplyst at det er muntleg delegasjon frå Rådmann til landbruksforvaltninga i kommunen. Delegasjon frå Rådmann til landbruksforvaltninga innafor ulike tilskotsordningar er såleis ikkje skriftleg. Direkte tilskot omfattar produksjonstilskot, avløysartilskot og tilskot til regionalt miljøprogram I følgje sakspapir frå Vindafjord kommune saksnummer 220/06, møtedato 19.12.06 er det synt til at handsaming av klagesaker etter nemnte tilskotsordningar er delegert frå formannskap til rådmann.

**Merknad 3:** Vi rår Vindafjord kommune å ha auka fokus på tilsyn retta mot reglane i del III i forskrift om gjødselvarer av organisk opphav mv. Rutinane for dette tilsynet bør nedfellast i eit skriftleg dokument.

**Kommentar:** Det blir foreteke synfaring i samband med melding om ureining. Kommunen er bevisst på tiltak som skal iverksettes når det kjem melding frå publikum om slike punktutslipp. Det er og høve til å sjekka om bestemmingane om lagring og bruk av husdyrgjødsel blir stetta på andre område. Til dømes nytta 5% stikkprøvekontrollen i august til å sjekka om krav til spreieareal blir stetta. Gjennom intervju blir det frå kommunen si side synleggjort nytteverdien av auka fokus innafor ureiningsområdet.

At kommunen er tilsynsmyndigheit inneber at det er kommunen sjølv som er ansvarleg for at det blir utvikla og operasjonalisert ein risikobasert tilsynsplan som syner kva som må gjerast for å ivareta tilsyn funksjonen. Ein skriftleg utarbeida tiltaksplan med sjekklister vil mellom anna syne kva som skal kontrollerast, og kva tidspunkt som er aktuelle. Til forskjell frå eit muntleg uformelt system som er personavhengig vil ein skriftleg tilsynsplan sikra eit formelt metodisk dokumenterbart system som kan følgjast opp og etterprøvast.

**Merknad 4:** I kommunen sitt vedtak ( tildelingsbrev) til SMIL midlar vil Fylkesmannen rå til at det kjem med ei setning om at midlane kan bli trekt attende om ikkje tiltaket blir gjennomført i samsvar med vilkåra for løyvinga. Ved SMIL løyving til gammal kulturmark rår vi til at det blir opplyst om kor mange år som det er krav om at landskapet skal haldast ope.

**Kommentar:** Vilkår for løyvinga bør med for å sikra at kommunen gjennom vedtaksbrev har fullmakt til å krevje tilskot tilbakebetalt om det blir naudsynt.

## 5. Gjennomføring

Varsel blei sendt ut :	18.06.08
Informasjon om tidspunkt blei sendt ut:	27.06.08
Formøte, kontrollen og sluttmøte blei avholdt:	03.12.08

## 6. Oppfølging

Fylkesmannen ber om tilbakemelding frå kommunen om korleis dei vil følgje opp avvika innan 1.februar 09.

Materiale tilsendt frå Vindafjord kommune på førehand og under forvaltningskontrollen

1. Delegasjonsreglement
2. sakspapir administrative vedtak ulike ordningar

Vedlegg 2: Oversikt over personer frå kommunen som var direkte involverte i forvaltningskontrollen

Navn	Funksjon	Formøte	Intervju	Sluttmøte
Kjell Kjærland	leiar	x	x	x
Sissel Lilleland	konsulent	x	x	x
Alf-Ole Bull Tornøe	fagkonsulent			x
Anne Karin Langeland	sakshandsamar			x